

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: QMYIYD

Registrert dato: 08.09.2020 20:53:54

Talet på vedlegg: 1

Innleiing

Uttalen blir gjeven

- Personleg
 På vegner av føretak/lag/foreining

Opplysningar om innsendaren

Førenamn

Olaf

Etternamn

Hella

Adresse

Kvassnesvegen 77

Postnummer

5914

Poststad

ISDALSTØ

Telefon

47462749

E-post

ohella9@gmail.com

Høyringsuttale

Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

- Detaljregulering for reinseanlegg, pumpestasjon og robuste bustader i Knarvik
 Detaljregulering for Framo Flatøy AS
 Områdeplan Knarvik - Endring

Uttale

Tilkomst til o_BOP2 og omgjering til midlertidig parkeringsplass for helsehuset.:

Viser til kvalitetsprogram for Knarvik, side 31. Eg meiner det er uheldig å omregulere overgangen mellom tenesteyting og grøntareal ved Kvassnesstemma. Det er utarbeidd ein heilskapleg regulering av området som ikkje bør gjerast om midlertidig eller permanent. Det er allereie gjort omfattande inngrep mot grøntområdet. Dette må tilbakeførast i tråd med gjeldande regulering. Kvassnesstemma vil få ein sentral plass for rekreasjon for innbyggjarane i Alver når dei bruker helsehuset. Overgangen til parken Kvassnesstemma må vernast for framtidige generasjonar etter kvart som bygdebyen og regionsenteret Knarvik veks.

Rusomsorgsbustader:

Det er trong for bustader for rus og psykiatri. Desse bør liggje sentralt og med tilgang til lokale helsetenester. Det er likevel viktig at desse bustadane ikkje kjem for langt fram mot Kvassnesstemma og i konflikt med parkanlegget Kvassnesstemma. Om det er trong for å utvide den delen av tomten som allereie er planert ut, bør anna lokasjon finnast. Tomten eignar seg slik eg ser det godt til bustader for eldre som har trong for hjelp frå heimetenesta, dersom

ein sentraliserer desse tenestene.

Reinseanlegg

Plassering av reinseanlegg på Kvassneset eller på foreslått plassering er slik eg ser det særers ueigna. Eit bygg i desse dimensjonane vil rasere grøntområdet og parkanlegget Kvassnesstemma. Kvassnesstemma må sjåast i samanheng med våtmarksområdet Lonene som til saman er det einaste parkanlegget i Knarvik og viktig hekkeområde for ulike fugleartar. Tek ein meir av grøntanlegget vil det vere særers uheldig for innbyggjarane i Alver. Området er universelt utforma og særers viktig for folkehelsa til innbyggjarane. Eit reinseanlegg med dei skildra dimensjonane vil rasere naturperla i regionsenteret og slik eg forstår det vere i strid med kvalitetsprogrammet for Knarvik der området er trekt fram på side 31:

Allmenningen og den tilhøyrande parken vil ha eit tydeleg rekreativt preg av helse, folkehelse rekreasjon, meditasjon og fred skal dyrkast.

Det er slik eg ser det uforståeleg at ein vil plassere eit bygg på 55 x 20 x12 meter. Det er slik eg ser det ikkje mogeleg å lokalisere dette anlegget i dette området der ein samtidig tek omsyn til reguleringsplanen og kvalitetsprogrammet for Knarvik. I framlegget legg ein opp til sekundærreinsing som tek bort 90% av kloakken. Det er grunn til å tru at det kjem krav om primærreinsing innan 7 år. Dette vil krevje større utbygging og meir areal slik eg forstår det. Er det plass til eit slikt anlegg utan å rasere parkanlegget Kvassnesstemma?

Kommunen ber andre næringsdrivane om å flytte verksemder ut frå sentrumsområde i Knarvik for å gjere området attraktivt. Då er det paradoksalt at kommunen sjølv vil ta seg til rette på denne måten.

Når det gjeld dei kommunale tomtene rundt Kvassnesstemma, er i dei juridisk bindande føresegnene er dette forklart som "offentleg tenesteyting". Tomta sør for Kvassnesstemma er merka o-BIN5 og har føremål "institusjon". I punkt 3.2.3 i føresegnene vert det presisert at det ikkje er tillate å føra opp bygningar som er i konflikt med intensjonen bak denne føresegna. Det står også at bygg ikkje kan koma i konflikt med siktsona. Eit reinseanlegg er så vidt eg veit, ingen institusjon. Det grøne området er merka park og friluftsområde, og det er også milevidt mellom formålet park og formålet reinseanlegg eller kloakkanlegg. Eit reinseanlegg på minimum 12 meter høgde og lengd på 55 meter vil vidare kome i konflikt med siktsona. Dette viser at kommunen må finne ny plassering for dette anlegget.

Eg ber om at reinseanlegget vert flytta til anna lokasjon som ikkje har like stor allmenn verdi i eit folkehelseperspektiv.

Kvassneset pumpestasjon

Det er viktig å reinse kloakken som går ut i fjorden. Ein må sjå til at skånar det flotte området ved Kvassneset ved etablering av pumpestasjon. Dette er den einaste badeplassen for innbyggjarane i Knarvik og er flittig brukt på fine sommardagar. Bygging av pumpestasjon må difor senkast så mykje som mogeleg i terrenget og helst byggast med torvtak og tømmerveggar.

Konklusjon:

- Ein må ikkje omregulere overgangen mellom helsehuset og Kvassnesstemma til midlertidig parkeringsplass. Dette området må fullførast slik det er skildra på side 31 i kvalitetsprogrammet for Knarvik.
- Rusomsorgsbustader må trekkast så langt som mogeleg frå Kvassnesstemma for å bevare parken Kvassnesstemma.
- Kommunen må stoppe planane om lokasjon av reinseanlegg i området med Kvassneset, då bygget er i strid med reguleringsplan og kvalitetsprogram for Knarvik. Ein må lage ei eiga sak der ein finn lokasjon ein annan stad for reinseanlegget.
- Ved etablering av pumpestasjon på Kvassneset må den senkast så mykje som mogeleg for å verne området med badeplassen mest mogeleg.
- Politikerane må sikre at parkanlegget ved Kvassnesstemma vert bevart og vidareutvikla. Det har stor verdi i dag og i framtida for innbyggjarane.

Vedlagt dokumentliste

innspel reinseanlegg kvassnesstemma.docx